

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lindås.

Emne: Lauving

Bygdelag: Nordhordland.

Oppskr. av: Martin Toft.

Gard: Toft.

(adresse): Askelandsvåg.

G.nr. 18, Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ein lauver ikkje lenger i bygda her. Før i tida var det årvist for og tildels hjelpefor.

1. Lauvinga slutta etter kvart ved århundre-skifte og og utover til første verdenskrig (1914).

2. Ein lauva i utslåttemarka under og etter slåttene der, og heime på bøen i håballen. Det var askelauv ein lauva, og vart kalla laugging (å laugga - laugga - laugga - laugga.)

3. Ein nytta lauggingakrok til å draga greinene til seg med. Lauggingakrokane var ei bein stang der ein i tjukkenden hadde sett att ein 6 tumavlang hake av ei kraftig sidegrein til krok. Ein nytta lengre og sterkare kroker for lauggarar som stod nede på marka, medan lauggaren opp i treet nytta lette og handtlege kroker. Ein nytta elles ikkje andre reidskapar enn hendene til å laugga med - og andre tre enn ask tok ein ikkje stort lauv av. Mange lika å drygja med laugginga til lauvet sat laust i bladfestet. Lauvet var lettare å riva av då, og ein gjorde mindre skade på dei unge kvistane. Serleg vart det kravt av dei som laugga i annanmanns skog at dei ikkje braut av kvister eller greiner under laugginga. Når skogeigarane laugga til seg sjølve, var dei ikkje så nøye på dette - då dei rek-

na med at knppar og unge kvister gjord same nytte som skav. Ein hadde ikke noko på handa under arbeidet til å varna ho med.

4. Var det tre som var vanskelege å klyva i, styvde dei det og laugga lauvet av på bakken. Då braut dei av kvistene med lauvet på. Resten av greinene let dei liggja att til om vinteren då dei skov stengene på plassen. Dei mindre greinene vart hogne til skav og borne heim for å ~~skavast~~ skavast. Det var greinene på askestuvane ein lauva, ein såg mest ikke ein "gjerdstøding" (ustyvde ask). Dei styvde asken i mannshøgde når dei var så pass store at dei kunne få ei passeleg skavstang av toppenden, 7 til 10 år gamle kunne vel trea då omlag vera. (Elles var desse toppendane mykje ettertrakta som emneved til ymse gardsreidskap då dei var uvanleg seig ved i dei, t. d. til skaft, rivetinnar o. s. b.).

Ein lava trea og dei år ein ikkje styvde dei - om dei (TREA) då ikkje stod i berg og ulende slik at det var livsfarleg. Askestuvane rekna dei før som ei stor tilloga til garden, men ikkje no lenger. No vert dei nedhogne for at verdifulle asketre kan få veksa opp i staden.

5. Lauvet vart turka på bakken eller i vanlege høyhesjar. Det vart raka saman og handsama som vanleg høy. Ein tok det i hus før det vart altfor turt, og hadde det på ein skukk i løa - utskild frå ~~dx~~ høyet.

6. Lauvet var liggjande på skukkane i utmarkeløene til om vinteren. Då bar ein det heim liksom høyet i børtog. Når ~~mx~~ karane var etter høybørar, var gjerne ei kvinna med, og då var det oftast ho som tok lauvbøra då ~~st~~ det etter måten var lettare. Elles var det oftast karane som

bar heim både høyet og lauvet. Børene var då ~~lange~~ etter som mannen var sterk til og vegen var lang og vanskeleg å koma fram på. Ei vanleg høybøra frå utmarka kunne vel vera 20 - 25 kg.

7. Det vart lauva både i inn- og utmark. Karane lauva oppe i trea, medan kvinnene stod nede på bakken. Kvinnene raka lauvet saman og hesja det, medan karane bar det fram til hesjestaden eller bar det i hus.

8. Heime vart også lauvet lagd på skukk. Det var mjølkekyrne som fekk askelauvet dådet i godleik og kraft vart jamstelt med bø-høy av beste slag, dei tok ofte og hadde det saman med poteteriset, slo varmt vaten på det og gav kyrne det som ein ekstrarett i samband med middagsmålet.

9. Det var serleg askelauvet som var ~~serig~~ nytta.

10. Det vart ikkje nytta almelaub, ~~iallefall~~ ikkje som folk no veit. Men på kvar gard har det til no nyss stade ein uvanleg stor og eldgamal almestuv, ~~x~~ opptil 2 famnar i omkrins og kansje vel så det og med veldige sidegreiner (Det seiest at borken i naudår vart nytta til føda for menneske). No nyttar ein det til skav for mjølkekyr.

II, I2, I3, I4, og I5 går ut då ein ikkje nytta sams lauving. B. Lauv som vart rakt saman ~~på~~ bakken.

I. Ein kalla det rakelauv eller underbreidsla, helst det siste, då lauv som vart raka saman om hausten, ikkje vart nytta til for, men til ~~å~~ strø eller breida under krøtra. Ein bar det heim istore kiper (underbreidtlekiper vart dei kalla) og lagra det i ledige uthus eller helst tilfeldige rom under ~~desse for om vinteren~~ ~~å~~ nytta ver det til underbreidsle under gris, sau og kalv. Det fuktige verlaget på Vestlandet gjer at det nedfalne lauvet snart

4

missar sitt verd som for-og einlyt drygja det med å ta det inn til det kjemein godversbolk - slikat det er lett og turt når ein samlar det saman.

2. Ein rakar det saman med vanleg høyriver. Og det er utan intresse for dei kva slag lauvrdeter.

3. og 4. Sjå under punkt i.

5. Deter kvinner og born som helst sankar lauvet, men karane ber dei store lauvdungarne heim i dei store lauvkipene som kan ta opptil 2 tunnor.

6. Sjå punkt 1.

7. Lauvet vert ikkje nytta som for.

8 og 9. Vert sett på som ubrukande både til vanleg for og naudfor.

1790

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING